



Andre Fjellsbø  
Vadbuvegen 197  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/323 - 15/18954

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
08.05.2015

## Trekking av søknad om oppsetjing av garasje - gbnr 102/139 Vabø

Det vises til dykkar søknad motteke her den 08.05.2015 og telefonsamtale tidlegare i dag.

Søknaden vert arkivert utan handsaming som avtalt. Ny søknad vil måtte sendast inn dersom søknaden skal realitetshandsamast.

Kort oppsummering av manglar i saka:

1. situasjonskartet er for gammal, situasjonsplanen er ikkje utført fagmessig då det manglar naudsynte detaljar
2. det er sett krav om plan for nye tiltak som ikkje holder seg innanfor ramma for pbl § 20-2 tiltak, det er ikkje søkt om eller varsla om at tiltaket krev dispensasjon
3. søknaden gjeld ikkje berre garasje som nemnt i søknadspapirene. Det er på telefonen opplyst at det er ynskje om innreiing av 2. etasje
4. det manglar målsette teikningar, planteikningar og snitt
5. Innsendt vedlegg til søknad om ansvarsrett frå føretaket Vertikal Bygg er mangelfull utfylt når det gjeld styringssystem og revisjon. Det er ikkje sendt inn revisjonserklæring
6. gjennomføringsplanen er ikkje signert
7. søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar er mangelfull. Det kan ikkje gis ansvarsrett då det ikkje er synleggjort tilstrekkeleg kompetanse
8. det er ikkje gjort greie for grad av utnyhting i forhold til bruksareal, og det er ikkje gjeve opplysningar om bygningsopplysningar som skal førast i matrikkelen, sjå blankett 5175

Bygget vil etter kommunens skjønn ikkje oppfylle krava til visuelle kvalitetar.

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Andre Fjellsbø

Vadbuvegen 197 5955

LINDÅS

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

